Kultur

Kulturleder: LIV SKOTHEIM
Mobil 98 20 31 08, e-post: kultur@bt.no

KUNSTMELDING: I kunstutstillingen «Septentrionalis» hentar Marianne Morild inspirasjon frå oljeindustriens skremmande utvikling.

Forsøpla samtidslandskap

MARIANNE MORILD har i mange år henta inspirasjon ifrå *digitale* kart frå oljeindustrien, medan tittelen på utstillinga «Septentrionalis» viser til det latinske ordet som tyder «frå nord» og symboliserer dei sju stjernene i Karlsvogna.

På 1600- og 1700-talet var ordet brukt på kart for å vise til skjulte område som ikkje var utforska i nordvest. Desse områda skulle vise seg å skjule ein løyndom som etter kvart førte Noreg inn i eit eventyr av olje og gass.

TO ANSIKT er måla inn i det eine av fire store måleri Morild har med i utstillinga på Kunsthall 3.14; Einar Gerhardsen – norsk landsfader og tidlegare statsminister, og dessutan Farouk al-Kasim – norsk-irakisk oljegeolog.

Desse to var heilt sentrale i oppbygginga av oljeforvaltinga og velferdsstaten Noreg. I måleriet flyt dei to av garde på ein jamn straum av gulbrunt søppel. Som ei elv av søppel som stadig vert meir infiltra i kvarandre, tvinna og hekta saman til ein øydeleggande materie.

DEN GRØNE, tropiske vegetasjonen øvst i biletet byrjar langsamt å gå opp i flammar. Dei grøne blada krøllar seg i varmen, små hol viser seg i det tynne bladverket, himmelen bak er blodraud.

Dette er ikkje landskapsmåleri i tradisjonell nasjonalromantisk forstand, det liknar meir ein fragmentert framtidsdystopi. Eller kanskje er det knapt eit frampeik, men eit samtidslandskap vi møter som symbolisera ei verd fylt av brennande byar, hav og elvar overfylt av søppel og dyrekadaver med magane fulle av plast.

OLJEEVENTYRET nyt vi framleis godt av, men i dagens samfunn kjem det med ein bitter ettersmak, og det er dette dilemmaet Morild ynskjer å problematisere i utstillinga. Kva skjer om vi menneske fortset i same spor med forsøpling og miljøødeleggingar? Kva er ei rettferdig fordeling av ressursar og verdiar?

Blikkfanget i utstillinga er dei svære monumentale måleria, alle innhylla i den våte, fuktige, glinsande oljemålinga som held det heile saman. Dei har alle den svarte, blanke, tjøreliknande bakgrunnen.

EG LIKAR teksturen i måleria, måten ho blandar og miksar målarstrøk. Gjennomsiktige og lette, mot dei intensive og fyldige. Som i eit nederlandsk stillebensmåleri leikar Morild seg med ulike teksturar. Kvitvaska skjel, brotne, tørre kvistar, plastkorkar, brune glasflasker og grøne svampar ligg inntulla i gråbeige vegetasjon. Som om vi vandrar langs ei strand der sjøen roleg vaskar i land bit for bit. Gleda over å finne ein vakker konkylie, eit kvitvaska stykke med tre eller til og med ein sjeldan gong flaskepost, er viska ut av endelause mengder med plast.

FØR I TIDA snurra ein ned bilvindauget og tømde ut søppelet i vegkanten, grov ned gamle oljefat i jorda og sette bilvrak på isen som forsvann på våren. Ut av syne og ut av sinn.

I dag veit vi meir om plasten som aldri forsvinn, likevel endar 15 tonn plast i havet kvart minutt. Plastpartiklar vert funne i fordøyelsen til sjøfuglar, fisk, marine pattedyr, skjelpadder og virvellause dyr. Havsulene bygger reir av plast i staden for av tare og tang. Skjelpadder tek feil av maneter og plastposar og fyller magane sine med plast medan dei svelt i hel.

KVART ÅR produserer vi 300 millionar tonn med plast og halvparten vert berre brukt ein einaste gong. 80 % av plasten i hava kjem frå land, resten kjem frå marine industriar som fiske og oppdrett.

I det neste store måleriet er delane endå meir fragmenterte, det vert meir og meir vanskeleg å skilje objekta frå kvarandre. Det naturlege blandar seg med små partiklar og store objekt av neonfarga plast, alt samanfiltra som eit stort, rotnande dyrekadaver, illeluktande og i oppløysning. Samanfiltra og tvinna saman som vår eigen miljøproblematikk, der vi stadig jaktar på meir, medan forskarane på jorda skrik «KODE RAUD».

MARIANNE MORILD sine måleri er vakre og innbydande, trass sitt dystre bodskap. Desse svevande øyene av søppel minner meg om ein tsunami si herjing, der alt er slått til pinneved, der kvart objekt er knust til minimale bitar, der alle fargane er blitt til ein brun-beige graut i stappa neonfargar. Det er dystert og det er kvalmande at vi fortset i same spor. Og Morild samanfattar både den dystre røyndomen, det vemodige alvoret og den samansette problematikken rundt miljø, fordeling, ressursar og forsøpling.

I eit av dei mindre måleria finn eg likevel eit lite grønt håp. Eit lite palmetre spreier sine grøne vengjer, og ber om håp for ei ny verd, ei ny tid ...

Renate Rivedal
Kunstanmelder

> Marianne Morild sine måleri er vakre og innbydande, trass sitt dystre bodskap.
>
> Renate Rivedal, kunstanmelder

KUNST

Septentrionali

♥♥♥♥♡♡

Marianne Morild
Stad: Kunsthall 3.14
Tidsrom: 12.11.2021–16.1.2022
(OBS: stengt 20.12.2021–3.1.2022)
Utstillinga består av eit utval mellomstore skulpturar på pidestallar, ei mengde mindre måleri og fire store måleri.

> Marianne Morild sine måleri er vakre og innbydande, trass sitt dystre bodskap.



Vi nyt framleis godt av oljeeventyret, men i dagens samfunn kjem det med ein bitter ettersmak. Dette dilemmaet ynskjer Marianne Morild å problematisere i utstillinga.
GEIR MARTIN STRANDE

15 tonn plast endar i havet kvart minutt.
GEIR MARTIN STRANDE

Morild sine måleri er vakre og innbydande, trass sitt dystre bodskap.
GEIR MARTIN STRANDE

Her kommer det til å bli stengt til 2025

Sentralbadet blir en byggeplass i flere år når vaksinestasjonen flytter ut 1. mars.
MARITA AAREKOL (ARKIV)

De nye kulturhusene i Sentralbadet og på Dikkedokken blir ytterligere forsinket.

Frank Johnsen
frank.johnsen@bt.no

Scenekunsthuset i Sentralbadet skulle opprinnelig åpne høsten 2022. Nå forventer ikke Bergen kommune at det vil åpne før i 2025.

– Vaksinestasjonen skal etter planen stenge 1. mars. Derfor håper vi å kunne starte innvendig riving i løpet av våren. Basert på dette antas prosjektet å være ferdigstilt rundt 2025, sier Erlend Horn (V), byråd for finans, næring og eiendom.

I juni 2018 vedtok Bystyret at det gamle svømmebassenget skal bli nytt scenekunsthus i Bergen, med Carte Blanche og BIT Teatergarasjen som primærbrukere.

Budsjettet er på cirka 730 millioner offentlige kroner.

– I en samspillsfase

Men pandemien og en rettssak om entreprenørkontrakten – som Bergen kommune vant i lagmannsretten – har forsinket prosjektet. Det siste året har Sentralbadet vært brukt til vaksinestasjon.

– Akkurat nå er at vi er i samspillsfase med entreprenør, Constructa, der vi bearbeider løsningsforslaget de ga tilbud på, sier Horn.

Målet med denne samspillsfasen er å utarbeide en god løsning for scenekunsthus og et mulig kontorpåbygg på fire etasjer.

– Rettssaken er nok det som har forsinket oss mest. Men den prosessen er et tilbakelagt stadium. Nå må vi først og fremst kommer i gang med byggingen, sier Horn.

Forsinkelsen gir en av hovedbrukerne, Carte Blanche, en stor utfordring. Dansekompaniet har i dag en leiekontrakt i Studio Bergen på Nøstet som varer ut 2022.

Byggeier er J. Berstad Eiendom AS, som har store planer med å utvikle Nøstet sjøfront i området med cirka 150 boliger. Der er reguleringsplanen nå ute på høring.

– Vi håper å få forlenget kontrakten. Men det vet vi ikke pr. i dag, sier direktør i Carte Blanche, Tone Tjemsland.

Feil og mangler

Byråd har også ansvaret for et annet kulturhusprosjekt i nabolaget som er på beddingen.

I september meldte byrådet at de ville bla opp 153 millioner kroner for å kjøpe industritomten Kjødehallen og kulturminnet Dikkedokken fra Skanska Norge AS. Målet er å etablere Kulturkvartalet Verftet.

Men etter å ha gjennomført en selskapsgjennomgang, en såkalt due diligence, ble det avdekket en rekke feil og mangler som gjør at Bergen kommune ønsker nye forhandlinger om pris.

Blant annet skal det, ifølge kommunen, være en betydelig miljøforurensning på eiendommen, inkludert asbest i bygningsmassen. Dagens bruk av eiendommen skal også være i strid med godkjent bruk.

Erlend Horn mente da og nå at dette må ryddes opp i, og at Bergen kommune må få en reduksjon i kjøpesummen før kontrakten blir underskrevet.

– Vi er i pågående forhandlinger med Skanska om de forhold som har fremkommet i due diligence-prosessen. Jeg håper på en snarlig avklaring i 2022. Mer ønsker jeg ikke å kommentere nå, sier Horn.